



Tegnforklaring

	Kommunegrense		Potensielt rasfarleg område - helning over 30 grader
	Svært krevende fjelløype - periodevis maskinpreparert		Høydekurve - ekv. 50 m
	Svært krevende fjelløype - periodevis snøscooterpreparert		Stolheis
	Svært krevende fjelløype - stikka		Krokheis
	Krevende fjelløype - maskinpreparert		Stølsgrønd
	Krevende fjelløype periodevis maskinpreparert		Større hyttegrønd
	Krevende fjelløype - periodevis snøscooterpreparert		Åpen bu
	Krevende fjelløype - stikka		Varmestue
	Middels krevende løype - maskinpreparert		Gapahuk
	Middels krevende løype - snøscooterpreparert		Parkering med/uten avgift
	Lysløype		Beitostølen sentrum
	Lett skogsløype - maskinpreparert		Ofentleg veg
	Lett skogsløype - snøscooterpreparert		Privat veg
	Fargekode og nummer Danebuleypa		
	Fargekode og nummer andre hovedløyper		

Informasjon, merking og tryggleik.

I samarbeid mellom kommunen og løypelaga er det utvikla merke- og infosystem som skal gje informasjon om ferdigheitskrav samt sikker orientering i alle preparerte hovudløyper.

Eit sentralt element er gradering og fargekoding av løypene ut frå kor krevjande dei er med omsyn til høgde, vèrtilhøve og terreng:

- 21 Grøne løyper (G)** – skjerma skogsløyper i lett terreng.
- 23 Blå løyper (B)** – middels krevjande løyper i fjellskogen og lågfjellet.
- 20 Raud løyper (R)** – krevjande løyper på snau fjellet med større krav til ferdigheiter, kondisjon og utstyr.
- 20 Svarte løyper (S)** – svært krevjande løyper i hogfjellet.

Det andre sentrale elementet er nummerering av rundar/løyper der oblat med rett farge og nummer blir festa på løypestikk. Saman med lett tilgjengelege løypekart (kartkassar, nedlasting m.m.) gjev dette sikker orientering uavhengig av kartferdigheter og språk, samtidig som det er stor fleksibilitet i høve til planlegging av egne turar/rundar.

I tillegg kan du møte på disse symbola/merka i løypene:

- R0** Løyper med oransje merke med kode R0 er ein del av gjennomgåande hovudløype Beitostølen - Danebu. Løypene har også vanleg gradering (grøn => raud) som syner kor krevjande dei ulike strekningane er. På delar av strekninga kan du velje mellom øvre og nedre trase avhengig av vèrtilhøva.
- Løyper med rosa farge og trekkhundsymbol er preparerte løyper for kjøring med hundespann. På enkelte strekningar går løypene parallelt med skiløype. Det er viktig at skiløparar på disse strekningane har kontroll på eigna hundar for å unngå problem/skade.

Heile løypenettet i kommunen er, som det går fram av kartet, klassifisert og nummerert etter dette systemet. Med dette systemet er det også mogleg å skilja mellom løyper på ulike nivå (lokale-, allmenne-, hovudløyper). Det er berre er løyper av 'allmenn' interesse som er nummerert.

Vi har erfart at særleg barn kan føle seg utrygge i løypene pga. lause hundar. I kommunal forskrift om hundehald er det difor m.a. innført utvida bandtvang i delar av løypenettet. Sjå kommunen si heimeside og oppslag i løypene for meir info om kva for løyper dette gjeld.

Organisering og finansiering

Det er 7 løypelag som står for drift av løypenettet i kommunen, og som årleg mottek kommunalt tilskott. Laga har kvar sine område der dei har ansvar for å koordinere arbeidet med skiløypene, og alle har inngått avtale med kommunen om rolle og ansvarsfordeling. Avtala med løypelaga, saman med grunneigaravtaler er med på å skape heilskap og forutsigbarheit kring løypenettet. Sjå kommunen si heimeside for meir info m.a. om avtaleformularar.

Det er 4 løypelag som tek seg av hovudløypenettet i kommunen;

- Melladn Turløyper har ansvar for sørømrådet frå kommunegrensa mot Nord – Aurdal til Yddin. (<http://www.melladn.leirin-skiløyper.no>)
- Yddin – Javnlie Løypelag har ansvar for midtområdet i kommunen frå Yddin til Øysterli. (<http://www.yddin.net>)
- Beitostølen Løypeforening har ansvar for løypene frå Øysterli, vestover inn i Vang/Vestre Slidre- og nordover samt Valdresflya. (<http://www.beitostolen.no>)
- Haugseter Fjellstue som har ansvar for løyper i området Vinstern – Valdresflya. (<http://www.haugseter.no>)

I tillegg er det 3 mindre løypelag som tek seg av lokale grendeløyper:

- Rogne Idrettslag har ansvar for løype frå Rogne skule til Juvike.
- Øystre Slidre Idrettslag har ansvar for løyslype ved Storefoss.
- Volbu Grendelag har ansvar for grendeløypene i Volbu og Nørre Rogne.

Valdres trekkhundklubb har ansvar for preparerte hundeløyper (<http://www.facebook.com/groups/172945082808383>)

Det gode skiløypetilbodet i kommunen er også resultat av stor dugnadsinnsats frå mange frivillige. Kommunen har prioritert dette området gjennom utarbeiding av løypeplan, og har rolla som koordinator og tilretteleggar. Gjennom samordning av ressursane, utvikling av felles merke og infosystem samt eit variert og unikt natur- og kulturlandskap ligg kommunen godt an i høve til å bli 'best' på skiløypeproduktet.

For å kunne sikre eit best mogleg tilbod til alle, er løypelaga avhengig av frivillig finansiering frå private og bedrifter til drift og preparering av eit svært omfattande løypenett.

Meir info og løypekart finner du også på kommunen si heimeside: <http://www.oystre-slidre.kommune.no>